



Jostein Bakke

Eg er professor ved Institutt for geovitskap og Bjerknessenteret og forskar på fortidsklima. Sidan juni 2020 har eg vore leiar for SFUen iEarth der vi arbeider i eit nasjonalt konsortium for at geofaget skal kunne løfte studentane våre inn i ei ny tid med nye utfordringar.

No ynskjer eg å bidra i fakultetsstyret for å sikre at fakultet er frampå i møtet med studentane våre og samstundes sikrar gode arbeidstilhøve for alle våre forskarar.

Overgangen til studentaktive læringsformer, formativ vurdering og omlegging av kursportefølje som eit svar på nye samfunnsutfordringar krev fokus på undervising i åra som kjem. Her ynskjer eg å bidra. Vidare har eg som leiar av ein nasjonal infrastruktur gjennom ti år sett kor viktig det er med gode støttefunksjonar i organisasjonen. Her vil eg også vere ei tydeleg stemme.